



Fakultet  
Institutt  
Senter  
Sentraladministrative avdelingar  
Universitetsmuseet  
Universitetsbiblioteket

Referanse

2020/13059-GRBI

Dato

14.01.2021

## Opptak av lærlingar i 2021 - utsett frist

Viser til brev av 19.11.21 om opptak av lærlingar i 2021 (ref 2020/13059-1). HR avdelinga inviterer alle institutt/fakultet/avdelingar og senter ved UiB til å melde si interesse for å ta i mot ein eller fleire lærlingar til sommaren/hausten 2021. Å tilsette lærlingar ein viktig del av UiB sitt samfunnsansvar, og me vonar at så mange einingar som mogleg vil bidra til å gjere UiB til ei fortsett stor og mangfaldig lærebedrift.

Fristen for å melde inn ynskje om å ta inn lærling er no utsett til **fredag 29. januar 2021**.

UiB er godkjent som lærebedrift i følgande lærefag (klikk deg inn på lenkene for å lese meir om faga).

- [Kontor- og administrasjonsfaget](#)
- [IKT-servicefaget](#)
- [Byggdriftarfaget \(tre års læretid\)](#)
- [Laboratoriefaget](#)
- [Fotograffaget](#)
- [Fjernstyrte undervatnsoperasjonar](#)

Dei fleste lærefaga har eit toårig læreløp, medan byggdriftarfaget har tre års læretid. UiB ynskjer å vere ei mangefasettert lærebedrift, og me søker gjerne om godkjenning i nye lærefag dersom det skulle vere aktuelt.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

## Organisering

Lærlingane vert organisert under eininga der dei har sin arbeidsstad, medan HR-avdelinga betalar lønn for lærlingane. Andre utgifter til t.d. utstyr, eksterne kurs m.m. dekkast av einingane der lærlingane har sin arbeidsplass.

## Krav til einingar som skal ha lærling

Å ta imot ein lærling er ei ansvarsfull oppgåve og det er viktig å sette av nok tid til opplæring og oppfølging. Alle lærlingar skal ha ein fagansvarleg ved eininga som har ansvaret for å koordinere opplæringa. Den fagansvarlege lyt godkjennast av fylkeskommunen, og må ha anten fagbrev eller minst seks års relevant erfaring i faget. Rolla som fagansvarleg vert tilgodesett med eit kronetillegg på 1333 kr/mnd. De kan lese meir om den fagansvarlege si rolle i leiarhandboka under fana «[Lærlingordninga ved UiB](#)».

Me ber om at interesserte einingar melder inn kven som er tiltenkt rolla som fagansvarleg samtidig som ein melder inn ynskje om lærling, eventuelt så snart som dette er avklara.

## Støtte til oppfølging

UiB er medlem i eit opplæringskontor innanfor dei fleste lærefag. Oppgåvene til eit opplæringskontor er å gjennomføre administrative oppgåver i samband med læreforholdet (som t.d. administrasjon av lærekontraktar, oppmelding til fagprøve m.m.), samt å rådgje lærebedrifta dersom det oppstår utfordringar i læreforholdet. HR-avdelinga har desse oppgåvene i fag der UiB ikkje er medlem av opplæringskontor.

UiB er medlem i følgjande opplæringskontor:

- OK Stat – kontor- og administrasjonsfaget og IKT-servicefaget
- ByggOpp – byggdriftarfaget
- Opplæringskontoret for oljerelaterte fag – fjernstyrte undervatnsoperasjonar

HR-avdelinga koordinerar opptaket av lærlingar, og sett felles rutinar for lærlingordninga ved UiB. HR-avdelinga har også ansvar for å gjennomføre felles mottaksprogram for lærlingane og andre faglege og sosiale samlingar gjennom året. Du kan lese meir om rollar i lærlingordninga i [leiarhandboka](#).

## Rekruttering

UiB har søknadsfrist for læreplassar **15. februar**. I kontor- og administrasjonsfaget, der UiB tradisjonelt sett har hatt mange lærlingar, vil HR-avdelinga koordinere rekrutteringsprosessen. I dei andre lærefaga vil einingane ha hovudansvar for rekrutteringsprosessen med bistand frå HR-avdelinga.

Me gjer merksam på at UiB ynskjer å ta inn 10-15 lærlingar årleg. Dersom talet på innmeldte ynskjer overstig dette, må dette godkjennast hjå universitetsdirektøren. Dersom det vert behov for å prioritere mellom einingar vil einingar med lang erfaring med lærlingar bli prioritert.

Me viser igjen til informasjon om lærlingordninga i leiarhandboka under fana «[Lærlingordninga ved UiB](#)», og håpar at de vil ta imot ein lærling i 2021. Ved spørsmål kan de vende dykk til HR-avdelinga i UiBhjelp eller på e-post [post@hr.uib.no](mailto:post@hr.uib.no).

Venleg helsing

Britt-Karin Muri  
Underdirektør, HR-avdelinga

Grete Birkenes  
seniorkonsulent